

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/22	Formannskapet	PS	20.10.2022
086/22	Kommunestyret	PS	27.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-000, TI-&1	22/1044

## Politisk styringsmodell for Austrheim kommune kommunestyreperioden 2023-2027

### Vedlegg

Rapport om det politiske styringsystemet i Austrheim kommune 2006 (L)(65094)

Rapport om det politiske styringsystemet i Austrheim kommune 2006 (L)(65094)

Evaluering av det politiske styringssystemet i Austrheim 2011

Evaluering av det politiske styringssystemet i Austrheim 2011

Evaluering av det politiske styringssystemet i Austrheim kommune 2006

Evaluering av det politiske styringssystemet i Austrheim kommune 2006

Evaluering av det politiske styringssystemet i Austrheim (L)(127150)

Evaluering av det politiske styringssystemet i Austrheim (L)(127150)

Dagens styringsmodell for Austrheim

Dagens styringsmodell for Austrheim

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande:

1. Dagens styringsmodell held fram i kommunestyreperioden 2023-2027.
2. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
3. Budsjettkonferanse og temamøter vert vidareført.
4. Kommunedirektøren skal årleg leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser status på alle vedtak kommunestyret har fatta dei siste tolv månadene.
5. Det vert gjennomført ei evaluering av den politiske styringsmodellen i løpet av neste kommunestyreperiode.

1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.

2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret.

Innstilling frå gruppeleiarforum blir levert til kommunestyret innan 16. februar 2023

## **Formannskapet - 104/22 - 20.10.2022**

### **FS - behandling:**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slik vedtak:

1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret.

## **Kommunestyret - 086/22 - 27.10.2022**

### **KS - behandling:**

Ordførar Per Lerøy orienterte og sa det er lenge sidan forrige evaluering av styringsmodellen, vi har forsømt oss litt her. Har nok med at gruppeleiarforum ikkje har vore særleg aktivt.

Gruppeleiar forum blir kalla inn til møte, og kan legge fram sak i løpet av første kvartal neste år.

Jan Erik Espelid (Bya) hadde sett for seg to alternativ og ei diskusjon om saka. Saka har vore etterlyst lenge.

Bjørnar Fjellhaug orienterte om følgjande: Jamfør ny kommunelov må kommunestyre innan desember i året før valperioda går ut, ta stilling til kor mange representanter kommunestyret skal ha.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegg til vedtak i møte vart samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

1. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
2. Resten av saka om styringsmodell for Austrheim kommune vert oversendt til gruppeleiarforum, slik at dei kan handsama denne, gjera ei evaluering og komma med ei innstilling til kommunestyret. Innstillings skal leggjast fram for kommunestyret innan 16. februar 2023.

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Den politiske organiseringa skal leggje til rette for demokratisk styring av kommunen, gode arbeidsvilkår og interessante oppgåver for dei folkevalde og engasjement for innbyggjarane.

Den politiske struktuen skal leggje til rette for at dei folkevalde kan engasjere seg i saksområde dei er særskilt opptekne av og at kompetansen i dei ulike organa vert brukt til å oppnå gode avgjerder.

Det har ved ulike høve vore oppe i kommunestyreperioden spørsmål om vurdering av endring i styringsmodellen for Austrheim kommune. Det har vore stilt spørsmål om ein skal endre frå dagens modell til utvalsmodell.

[Kommunelova §5](#) omhandlar den kommunale organiseringa og dei folkevalde organa. Etter lova vert følgjande organ definert:

- Kommunestyre
- Formannskap
- Kommuneråd
- Utval, inkludert kommunedelsutval og kontrollutval
- Arbeidsutval
- Felle, folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid
- Kommunestyrekomitear
- Styret for delar av den kommunale verskemda i parlamentarisk styrte kommunar
- Representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd
- Representantskap for eit kommunalt oppgåvefelleskap
- Eit kommunalt folkevald organ som er heimla i særlov

Med folkevalde meiner ein etter lova:

- Medlemmar av kommunestyret
- Personar som eit folkevald organ har vald inn i eit folkevald organ eller eit anna kommunalt organ etter §5-2 i kommunelova
- Medlemmar til kommunedelsutval vald ved direkte val etter §5-8 i kommunelova
- Kommunerådsleiar utpeika av ordføraren etter §10-5 første ledd
- Medlemmar av kommunerådet som er utnemnd av kommunerådsleiaren etter §10-5 andre ledd.

Etter §5-2 er det nemnd andre kommunale organ som skal opprettast etter lova:

- Partsamansette uval (administrasjonsutvalet)
- Styret for ein institusjon
- Underordna styringsorgan for eit kommunalt oppgåvefelleskap
- Styret for et kommunalt føretak
- Eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd eller anna

medverknadsorgan for ungdom.

Kommunelova §5-5 fastset kommunestyret si samansetjing. Det er kommunestyret sjølv som fastset medlemstalet sitt og det skal vere vedteke innan utgangen av desember i nest siste år av valperioden. Endringa gjeld frå neste valperiode. Det er innbyggjartalet i kommunen ved nest siste årsskifte før valet som avgjer det minste lovlege medlemstalet. Kommunar som ikkje har over 5 000 innbyggjarar skal minst ha 11 medlemmar i kommunestyret. Vi har i dag 17 medlemmar.

### ***Utval***

§5-7 i lova seier i kva grad og omfang kommunen kan oppretta utval. Kommunestyret kan sjølv oppretta utval for kommunale føremål og for delar av den kommunale verksemda. Utval kan få tildelt vedtaksmynde dersom ikkje anna er heimla i lov. Kommunestyret kan når som helst omorganisere eller nedleggje eit utval.

### ***Kommunestyrekomitear***

Kommunestyret kan sjølv opprette kommunestyrekomitear som saksførebuaende organ for kommunestyret. Slike komitear skal ha minst tre medlemmar og kan ikkje gjevast vedtaksmynde. Samansetjing og val til komitear følgjer av lova §5-9. Kommunestyret kan når som helst omorganisere eller nedleggje kommunestyrekomitear.

### ***Reglement for folkevalde organ***

Folkevalde organ skal ha eit reglement som fastset:

- a. Organet sitt verkeområde og eventuelle vedtaksmynde
- b. Tidsperioden som organet er oppretta for
- c. Eventuelle andre vilkår om organet si verksemd

Kommunestyret vedtok revidering av reglementa for folkevalde organ i sak 021/22, 07.04.2022.

Kravet til reglement, gjeld ikkje for representantskap og andre styringsorgan for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorgan for kommunalt oppgåvefellesskap og styre for kommunalt føretak.

Dersom ein ikkje vel å gjere endring i politisk styringsmodell, vil ein heller ikkje trengje å gjere endringar i reglementa.

### ***Representasjon i utval/komitear***

Kommunestyret står fritt til å oppretta utvalg når dei ser det føremålstenleg. Utval og komitear kan ikkje vere samansett av folkevalde og tilsette i administrasjonen. Eit folkevald utval/komitè kan kun ha valbare medlemmar etter §7-2 og der bla. kommunedirektør, kommunalsjefar og etatsjefar er utelukka frå val jmf. §7-3. Administrasjonen kan bistå eit utval eller ein komite i arbeidet sitt, men kan ikkje vere medlem. Den nye lova gjer skiljet mellom folkevalde og administrasjonen tydlegare.

### ***Mellombels utval***

Kommunelova gjev ikkje opning for å oppretta mellombels utval utover det som er heimla i

kommunelova §5-7 og §5-9. Det kan i komitear og utval oppnemnst arbeidsutval, men desse må utgå frå komiteen eller utvalet.

### ***Tidlegare arbeid med styringsmodell***

Kommunestyret har sist vurdert og evaluert det politiske styringssystemet i Austrheim i 2011. Grunnlaget for styringsmodellen ligg i «rapporten frå nemnda som har evaluert det politiske styringssystemet i Austrheim» levert 27.november 2006. Ein gjorde vedtak i sak 005/03 og 032/03 at det politiske styringssystemet vart ført vidare. Ein vurderte saka på nytt i 2006 i ks 118/06 og sist i 2011, sak 049/11. Ein gav sist eit 13 punktts vedtak med ulike tiltak og føringar for styringsmodellen. Styringsmodellen skulle vere gjeldande for perioden 2011—2015 og det skulle i god tid gjerat ei evalering, noko ein ikkje kan finna er gjort. Styringsmodellen har fungert godt og har ikkje vore endra i hovudgrad i tida etter. Fleire av punkta som blei vedteken er innarbeidd i vedtekne rutinar, som t.d. halvårleg spørjetime.

### **Dagens styringsmodell for Austrheim – sjå vedlegg**

**Andre kommunale organ – sjå vedlegg** (same dokument som Dagens styringsmodell for Austrheim)

### **Vurdering**

Den politiske styringsmodellen fungerer godt slik den er i dag. Den er effektiv og god, og det er viktig at ein også er politisk førebudd. Det gjer at sakene til politisk handsaming må vere grundig, gode og så opplysende som mogleg. Det vil krevja meir administrative ressursar om ein skal oppretta ein utvalsmodell og det kan medføre lengre sakshandsamingstid. Austrheim er ein effektiv, god og positiv kommune. Det er gjeve eit godt styringsverktøy gjennom delegeringsreglementet og reglementa for dei politiske organa.

Kommunedirektøren arbeidar for at sakene skal vere så godt opplyst som mogleg for at politikarane skal kunne ta gode avgjerdsler. Dette medfører at sakspapira bør vere korte og konsise og gje ei god tilråding for vedtak.

Ein har tidlegare nytta mellombels utval, dette opnar ikkje kommunelova lenger for, men ein kan opprette utval som har sitt saksområde eller avgrensa mandat.

### ***Moment ved ei eventuell endring av styringsmodell***

Endrar ein styringsmodell frå dagens modell til ein komite/utvalsmodell, vil det medføre fleire administrative ressursar, meir administrativ tid på saksutgreiing og saksførebuing og ein lengre prosess for sakshandsaming og effektivering av vedtak. I dag skal i utgangspunktet sakspapira til formannskapet sendast 2 veker før møtet, dersom sakene skal innom ein komite før, må det møtet haldast 2 veker før formannskapsmøtet, som igjen krev at saka er klar minst ei veke før komitemøtet. Det gjer at det kan verte veldig lang sakshandsamingstid og ein del saker krev raskare sakshandsaming.

Ein ser det kan vere føremålstenleg med politisk oppnemnde utval for større saker, som t.d. etablering av nytt helsetun, som vert ei viktig prioritering frametter. Ein lyt vurdere føremålet opp

mot etableringa av utval.

Ein kan knytta dei lovpålagte organa sterkare opp mot kommunestyret ved at dei deltek i ulike møter og kan også bidra inn med sitt arbeid gjennom orienteringar.

Ordninga i dag med budsjettmøter og temamøter både for formannskapet og kommunestyret fungerer godt. For å få eit sterkare engasjement vert det viktig at politikarane sluttar opp om desse samlingane, slik at ein kan gje tydelege styringssignal og retning for administrasjonen sitt arbeid.

## **Økonomi**

Ei vidareføring av dagens politiske styringsmodell vil ikkje få nokon andre konsekvensar enn justeringar som vert gjort i dei politiske vilkåra for dei folkevalde. Denne kjem til revidering våren 2023.

## **Konklusjon/Tilråding**

Kommunedirektøren tilrår at ein i løpet av neste kommunestyreperiode set ned eit utval som evaluerer den politiske styringsmodellen i lys av ny kommunelov og politisk involvering. Gruppleiarforum kan få ansvaret for dette evalueringsarbeidet.

Kommunedirektøren tilrår at ein ikkje gjer endring i noverande styringsmodell for neste kommunestyreperiode.

Kommunedirektøren gjev følgjande tilråding:

1. Dagens styringsmodell held fram i kommunestyreperioden 2023-2027.
2. Det vert 17 medlemmar i Austrheim kommunestyre.
3. Budsjettkonferanse og temamøter vert vidareført.
4. Kommunedirektøren skal årleg leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser status på alle vedtak kommunestyret har fatta dei siste tolv månadene.
5. Det vert gjennomført ei evaluering av den politiske styringsmodellen i løpet av neste kommunestyreperiode.